

Sogn og Fjordane Ungdomslag

ORG. NR.: 974805677
WWW.SOFUL.NO
WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

20.08.2019

KVA STATUS SKAL FRIVILLIG KULTURARBEID HA I DIN KOMMUNE?

Sogn og Fjordane Ungdomslag er del av Noregs Ungdomslag, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. I 2010 etablerte Sogn og Fjordane Ungdomslag Huset i Bygda. Formålet er å legge til rette for å skape meir aktivitet og å bidra til å vidareutvikle alle former for organisasjonseigde kulturbygg og synleggjere desse kulturbygga som viktige kulturarenaer.

I dag er Huset i Bygda støtta økonomisk av Sogn og Fjordane fylkeskommune I 2019 overtok Huset i Bygda òg ansvaret med å administrere ordninga med gåvetilskot til lagseigde kulturhus frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Ordninga er framleis finansiert med midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Huset i Bygda er eit godt døme på korleis frivillige organisasjonar, næringslivet og offentleg forvaltning kan finne saman om å løyse oppgåver og skape og ta vare på fellesskapsverdiar.

Debatten så langt i kommunevalet, særleg på nasjonal plan, har vore dominert av bompengar og eigedomskatt. I Sogn og Fjordane har den politiske debatten på fylkesplan vore meir lågmeldt. Fylket går gjennom store strukturendringar med fylkes- og kommunesamanslåing og Sogn og Fjordane Ungdomslag vonar at det òg er rom for diskusjon og auka merksemd kring lokale utfordringar, og korleis ein best kan stette innbyggjarane sine noverande og framtidige behov.

I av løpet av året vil truleg alle ha vore med på ein eller anna form for kulturell aktivitet i regi av frivillige lag og organisasjonar. Nokre av oss vil vere publikum, andre vil vere deltakarar og nokon vil stå som arrangør eller bidra med dugnadsinnsats. Felles for desse aktivitetane og dugnadsånda, er at det bidreg til bulyst, auka samhald, felleskjensle og ikkje minst identitet i små og større bygder i fylket.

Sogn og Fjordane Ungdomslag meiner dette er viktige kvalitetar ein bør diskutere i valkampen.

Samstundes vert det nye fylket prega av kommunar med både lite folketal og stor geografisk avstand mellom sentrum og bygde- og grendalag. Frå nyttår skjer det store endringar i kommunekartet i Sogn og Fjordane. Vi får tre nye kommunar i Sogn og Fjordane, medan sju forsvinn. Dei geografiske avstandane mellom politisk sentrum og omland vil auke i dei nye kommunane. Dei får òg ansvar for grender og bygder med store demografiske skilnader. Det er viktig at desse kommunane utarbeider ein strategi og medviten haldning til korleis alle deler av kommunen får ei tydeleg stemme både i den administrative og politiske kvardagen.

Det økonomiske biletet sprikar i trivselsfylket. Rett nok har fleirtalet av kommunane driftsoverskot, men det er òg fleire kommunar i fylket som slit. Det er urovekkjande at fleire av kommunane som blir



samanslått slit med dårleg økonomi. Det er ikkje nokon god start på eit lukkeleg kommunalt ekteskap!

I Sogn og Fjordane har den økonomiske støtta til lag- og organisasjonar jamt over stått stille i mange år. I einskilde kommunar, som Vågsøy, Hornindal og Fjaler, har politikarane fjerna moglegheita til å søke på tilskot. I 2019 er den samla kommunale kulturstøtta til lag- og organisasjonar på under 6 millionar kroner fylket. Til samanlikning var dei samla kommunale driftsutgiftene i 2018 på over 10 milliardar kroner. Kulturstøtta til lag -og organisasjonar svarer såleis til under 0,06% av dei kommunale driftsutgiftene i fylket. Samstundes syner undersøking av Frivillighet Norge at 27% av bornefamiliar, eller nokon i familien, ikkje har delteke på fritidsaktivitetar på grunn av høge kostnader. Med tanke på kva frivillig kulturliv bidreg med av aktivitetar kvar dag, heile året, er den kommunale støtta skuffande liten i Sogn og Fjordane.

Minkande folketal vil på sikt gje enda mindre statlege overføringar og legge ytterlegare press på kommuneøkonomien i Sogn og Fjordane. Dårlig kommuneøkonomi gjev fort press på offentlege tenester og krav om sentralisering av ytingar. Resultatet vert fort auka folketalsnedgang og forsterka polarisering mellom sentrum og periferi.

Gjennomlesing av eit tilfeldig utval av dei lokale partia sine valprogram i Sogn og Fjordane syner at dei har mange gode tankar om betydninga kulturlivet har for innbyggerane. Samstundes er det diverre tydeleg at dei manglar oversikt over kva lag -og organisasjonar bidreg med i den daglege kulturtilbodet i kommunane. Kva verdi som ligg i frivillige lag- og organisasjonar og dei lokale organisasjonseigde kulturbygga såg vi under storflaumen i Jølster. Her stilte Røde Kors opp med mat, drikke og omsorg, mens ungdomshuset fungerte som møtestad og samlingspunkt for bygda.

Manglande oversikt gjer seg fort utslag i at partia ikkje har klare tankar eller strategi for korleis det er mogleg å bygge vidare på det frivillige kulturlivet og nyttiggjere seg av frivillige lag og organisasjonar i offentleg tenesteverksemd. Til dømes kunne Sogn og Fjordane Ungdomslag ønskje at partia var tydelegare på korleis dei vil kople frivillige lag- og organisasjonar og lokale kulturbygg saman med inkluderingsarbeid i breid forstand; Born, innvandrarar og eldre. Med andre ord, korleis kan ein nytte frivillige lag- og organisasjonar til å sikre gode tilbod og tenester i heile kommunen?

Sjølv om fleire kommunar går utfordrande tider i møte, meiner Sogn og Fjordane Ungdomslag at det er opning for å sjå på oppbygging og storleiken på tilskot og stønad til frivillige lag, organisasjonar og lokale organisasjonseigde kulturhus på nye måtar. Vi har òg klare forventingar til at dei nye storkommunane nyttar høvet til å auke den økonomiske støtta til frivillig sektor monaleg. Ikkje minst er det god ressursutnytting, her får ein mykje tilbake for kvar krone som vert nytta på frivillig arbeid!

Sogn og Fjordane Ungdomslag vil difor utfordre partia til:

1. Å sjå på det frivillige kulturarbeidet som viktig del av kommunens tenestetilbod og at dette bidreg til å sikre eit godt og variert kulturtilbod alle deler av kommunen
2. Å talfesta den auka økonomisk satsinga på frivillige lag- og organisasjonar
3. Å etablere frivilligsentralar. Framleis har ikkje alle kommunane i Sogn og Fjordane Frivilligsentralar
4. Å utarbeide kulturplan eller frivilligplattform for å få betre oversyn og innsikt i aktivitetane til frivillige lag- og organisasjonar og dei lokale organisasjonseigde kulturbygga. Dette vil òg auke den kommunale forpliktinga til frivilligsentralane



Av:

- Hildegunn R. Gjelsvik, styreleiar i Sogn og Fjordane Ungdomslag
- Christoffer Knagenhjelm, Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

